

**KVINNHERAD KOMMUNE**

5470

Kulturminnefagleg fråsegn- Gnr 163 bnr 1 og 4 - Riving av naust - Varaldsøy - Kvinnherad kommune

**Vi viser til dykkar brev av 30.06. 2020 med søknad om ovanfor nemnde sak. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune vurderer saka som regionalt kulturminnemynde.**

**Saka gjeld**

**Søknad om riving av bygningar på gnr 163 bnr.1 og 4 på Varaldsøy i Kvinnherad kommune. Området som vert omsøkt er i dag regulert med planid. 20120010.**

**Eigar av to SEFRAK- registrerte naust på Øyerhamn, Varaldsøy ber i brev av 18.02.2020 om at ein startar opp å avklara rekkefølgekrav §7.3 i reguleringsplan for 163/1 m.fl. Akvakulturanlegg Øyerhamn:**

***§ 7.3 Det skal gjennomførast ei vurdering av Kvinnherad kommune med uttale frå Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga av SEFRAK- registrerte bygg eldre enn 1850 innanfor planområdet før dei eventuelt kan rivast, jf. Kulturminnelova § 25.***

**Eigar skriv at det står to naust som må rivast innafor reguleringsplanen. Dei kan være dei er bygde før 1850. 163/1 Bygningsnummer 174468885 Bygningstype Naust; båthus; sjøbu 163/4 Bygningsnummer 174468893 Bygningstype Naust; båthus; sjøbu**

**Kulturavdelinga i kommunen har hatt saka på høyring, og gjeve følgjande fråsegn dagsett 12.06.2020:**

***«Kvinnherad kommune meier at det beste er at dei to nausta blir ståande på den opphavlege staden. Dersom dei må rivast, ynskjer me at dei blir teke ned og sett opp at på ein ny og egna stad i nærleiken. Dette bør gjerast av kyndige fagfolk, med kunnskap om gamle bygg og restaurering av desse.***

***Det er ynskjeleg at tiltakshavar viser interesse for å ta vare på og sikre desse kulturminna.»***

**Vurdering**

**Vi meiner det er positivt at kommunen si vurdering av dei omsøkte tiltaka er lagt ved i oversending av søknaden til Vestland fylkeskommune. Vi meiner dette er ei god vurdering og støttar difor opp om denne.**

**Vestland fylkeskommune vil peike på at det knyter seg interesser til vern og sikring av eit innhaldsrikt kulturmiljøturmiljø på Øyerhamn på Valaldsøy. Dei to nausta er merka med raud trekant i Sefrak- registeret og er begge eldre en 1850 og truleg er eit av nausta frå 1700-talet. Begge nausta ser ut til å være grindbygg. Ved å ta vare på dei gamle nausta tek ein og vare på historisk kontinuitet, kulturhistorisk mangfald, særpreg og identitet.**

**Det hadde vore nyttig med illustrasjonar/foto som skildrar dei omsøkte tiltaka, og som visualiserer både nærverknad og fjernverknad.**

**Vi vil minne om at det er viktig at Kvinnherad kommune har ein strategi for vern og prioritering av dette verdifulle kulturmiljøet av regional og lokal kulturminneverdi. Kvinnherad kommune må difor ta stilling til korleis dette bygningsmiljøet kan takast vare på for ettertida.**

#### **Konklusjon**

**Vestland fylkeskommune rår i frå at det vert gjeven løyve til å rive dei omsøkte nausta på gnr 163 bnr. 1 og 4 på Øyerhamn i Kvinnherad kommune, då det får negative konsekvensar for regionale og lokale kulturminneinteresser.**

**Vi ber om få saka oversendt for vurdering av klage når kommunen har fatta vedtak i saka.**

#### **Med helsing**

David J. Aasen Sandved  
**seksjonssjef**

Gunnbjørg Austrheim  
**seniorrådgjevar**

***Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift***